



Gruppe 1 samla til fotografering. Namna finn du i innlegget for to dagar sidan.

Stor stas var det då Lina Håland kom til Uskedalen i dag for å konfirmere heile 21 konfirmantar. Det er eit høgt tal, ikkje rekord, men fyrste gongen at kullet vert delte i to grupper. Dette vart gjort for å få betre plass i kyrkja, særleg med tanke på alle tilreisande gjester.

Tidlegare sokneprest, Lina Håland, kom til til Uskedalen og stod for den høgtidlege markeringa. Fram til avreise til Sandnes i desember 2018 hadde ho ansvaret for konfirmantførebuinga. Berta Haugland har vore konfirmantlærer etter det.



Gruppe 2 klar for fotografering. Namna finn du i innlegget for to dagar sidan.

Lina Håland var glad for å sjå konfirmantane att. Ut frå dagens tekst i Johannes, 14,1 - 11, la ho vekt på det å bli gripen av Gud, meir enn å begripa sjølv. Konfirmantane står overfor mange val i åra framover. Då er det godt å vita at ein ikkje er åleine. Gud er med og utgjer det som er større enn alt på jord.



Tidlegare sokneprest, Lina Håland, og konfirmantlærar Berta Haugland.

Berta Haugland helsa konfirmantane med eit dikt av Margreta Melin om det å verta verdsett og vita kven ein er som person. Ho takka Lina Håland for prestenesta i dag. Kyrkjelyden svara med applaus.



Gruppe 2 er på plass på stolane sine i kyrkja.

Kantor Eva Megyesi spelte konfirmantane inn og ut i prosesjon, med stykke av komponisten Gordon Young: Ein feste Beveg og Coreonation. Kyrkjeventane i dag, Eli Roseth Eik og Thor Inge Døssland, delte ut rose og kyrkjeboka Høyr kor kyrkjeklokka lokkar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Mykje folk var samla på kyrkjebakken i dag, i det fine veret.